



Rune Vågenes  
Hasselbakken 30  
3413 LIER

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/18458 - 20/76140

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
30.11.2020

## Grenser til gbnr 430/14 Vågenes indre

Syner til mottatt brev 24.11.2020 gjeldane feile grenser i kartet.

At eigedomsgrenser i kartet ikkje stemmer med faktiske grenser er ganske vanleg for eldre eigedomar. Dette gjeld ikkje berre i Alver kommune, men for heile landet. Dette skuldast i hovudsak at ein opp gjennom tidene ikkje har hatt fokus på kart i samband med eigedomsregistrering. Først i 1980 vart det lovfesta oppmåling i samband med oppretting og endring av eigedomsgrenser for heile Noreg.

Du kan krevje retting av feile grenser i kartet (matrikkelen) dersom du kan dokumentere korleis grensa går. Kommunen vil vurdere kravet og om det let seg gjere å rette grensa. Du bør få naboen til å skrive under at han er samde i rettinga.

Ved ei slik kartretting er det kun kartet som vert retta. Grensene som vert retta vert lagt inn med ein dårleg nøyaktighet. Grensene i marka vert som før.

Legg ved skjema du kan nytta til å krevja retting. Det er fint om du i tillegg teiknar inn på eit kart slik du meiner grensa går.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### Vedlegg:

Krav+om+retting+av+feil+og+mangler+i+matrikkelen

**Mottakarar:**  
Rune Vågenes

Hasselbakken 30

3413 LIER